

Uteservering for heile Dønhaug-området?

20.06.2008

Neste laurdag bli det to utekonsertar på Dønhaug – av Jonas Fjeld med band og Henning Kvitnes med band. I samband med dette søker Magne Huglen om at skjenkeområdet til Dønhaugkjedlaren vert utvida.

Han ønskjer uteservering fram til klokka 01.00 for heile området mellom låven, Dønhaugkjedlaren og hovudhuset. Konsertscena blir som i fjor i enden av låven.

Fyrste konsert går klokka 19.30 og neste 21.30 og det vert ein billett til begge konsertane,

I høve dårleg ver kan konsertane bli flytta til låven og førehandssalet av billettar vil difor ta omsyn til dette. Det var eit liknande arrangement på Dønhaug også i juni i fjor.